



Også Rosendal/Uskedal var frampå fleire gonger, men det hjalp ikkje. Denne situasjonen er frå 2. omgang, Den eine av dei to uskedelingane som var med denne gongen, Lars Johan Myklebust, er heimelag-spelar nummer tre frå venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rosendal/Uskedal gjekk på eit nytt tap under den siste heimekampen i denne sesongen laurdag ettermiddag. Flaktveit vann fortent 4-1 sjølv om laget låg ni poeng etter heimelaget og tredjesist på tabellen.

Dermed vart det ikkje noko avansement for Rosendal/Uskedal, som ligg som nummer fire bakifrå.

Kvinnheringane fekk aldri skikkeleg tak på spelet denne gongen heller og har hatt ein nedtur i det siste sjølv om dei slo Gneist 21. september. 12. oktober spelar dei den siste kampen borte og det er mot Smørås som låg på tredjeplass før denne runden.

Denne gongen var to uskedelingar med på laget, veteranen Lars Johan Myklebust og Kristoffer Rød. Dei starta som spissar, men Rød gjekk ut etter det meste av første omgang og etter å ha scora heimelaget sitt mål. Han har vist fin framgang i år, held lagleiinga fram.

Jørgen Moberg har også vore stabil deltakar på laget denne sesongen, men denne helga er han i utlandet. Ein fjerde uskedeling, Tommy Eidsvik, har også vore med men ikkje så mange gonger som dei andre.

Ellers ser fotballgruppe-leiinga fram til at kvinnene neste sundag skal avgjera på heimebane kven som blir vinnar i kretsmeisterskapet. Hordabø frå Radøy er den andre avdelingsvinnaren - Det er eit godt lag og det blir nok ein tøff kamp, seier lagleiinga.

Av Ola Matti Mathisen